



6 høgt kvalifiserte vikarar!

Etter 9 timar på jobben i SPAR uskedalen var det berre godord å høyra frå dei 6 SPAR-sjefane som i dag har vikariert for dei 12 som jobbar på Sanden,

Dei er no vel framme i Dublin der dei får eit velfortent weekendopphald som premie for at vår butikk vart årets butikk i kjeden, Kven som eigentleg hadde den gode vikarideen har det ikkje vore mogleg fo odd å finna ut av, bortsett frå at det var ein kjøpmann,

Dette er dei 6 vikarane:

- * Nils Trygve Markhus frå SPAR Valen
- * Odd Sverre Larsen frå SPAR Fitjar
- * Gunnar Sagenes frå SPAR Ådland
- * Rune Stockman frå SPAR Haga
- * Hugo Jentoft, ferskvareansvaleg
- * Rune Sælen, ferskvareansvarleg

Odd Sverre Larsen slår som talsmann for dei 6 fast at SPAR Uskedalen er ein mønsterbutikk.

- Den er utruleg rasjonell og ryddig og vi er imponert over det som er skapt her. Her er alt godt tilrettelagt . Det var det også for oss, som har hatt ein svært positiv dag på jobben.

- Kva har kundane sagt?

- Også dei har vore berre positive og har teke svært god imot oss. Hvis noko har stått litt i stampe, har dei synt stor forståing.

- Men litt slitne er kanskje gjengen?
- Slett ikkje, ein vert ikkje det når ein trivs!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen